

# TRIVSEL OG ORDENSREGLEMENT VED GRASDAL SKULE

**Forskrift** fastsatt av Samarbeidsutvalet ved Grasdal skule 30.05. 2017 med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2-9.

**Reglementet gjeld** for alle elevane i skuletid og SFO-tid, på skulevegen og på turar i regi av skulen.

**Formålet er** å fremje verdiane læring, tryggleik, trivsel, respekt og toleranse i opplæringa og å oppnå eit trygt og godt læringsmiljø for elevane.

***Vi skal vera høflege og hyggelege mot kvarandre,  
ta omsyn og vise omsorg.***

1. Vi er ein Zero-skule. Vi godtek ikkje at nokon vert plaga eller mobba.
2. Vi møter på skulen til rett tid.
3. Syklar og sparkesyklar skal vera parkert på tilvist plass i skuletida.
4. Vi skal ha god orden, og hugse skulesakene vi treng kvar dag.
5. Vi skal følgje klassereglane.
6. I skuletida skal vi vera på skuleområdet. Toaletta eller gangane er ikkje opphaldsrom.
7. Vi skal stoppe og høyre etter når ein vaksen snakkar til oss.
8. Vi kan berre kasta snøball på oppsett blink.
9. Vi tar ikkje med snop eller søtsaker, og heller ikkje leiker og ting som kan vera farlege eller skapa uro i skuletida.
10. Dersom det er heilt nødvendig å ha med mobiltelefon, må den vera avslått i skule - og sftida, og når du er på skuleområdet. Same regelen gjeld for smartklokke, nettbrett eller andre elektroniske gjenstander som kan ta bilete, lage lyd og kommunisere. Oppbevaring av telefonen i skuletida er presisert i klassereglane.
11. Stell fint med alt som høyrer skulen til og hald skulen og området rundt reint og triveleg. Det som tilhøyrer andre elevar og vaksne skal vi la vere i fred. Sei frå dersom du har vore uheldig og øydelagd noko. Klede og utstyr som er med på skulen er på eige ansvar.

**Rutine:** Dersom skulen avdekkar mobbing skal vi bruke *Zero Handlingsplan*. Alle tilsette har ei aktivitetsplikt etter Opplæringslova §9a.

### **Sanksjonar ved brot på reglane:**

Ved brot på reglane kan eitt eller fleire av tiltaka nedanfor setjast i verk avhengig av alvorsgrad og grad av gjentaking. Skulen dokumenterer sanksjonane, og fylgjer generelt sakshandsamingsreglane etter forvaltningslova.

1. Tilsnakk og samtale med den vaksne som handsamar saka.
2. Skriftleg merknad i Visma administrasjonssystem.
3. Lærar/assistent tek kontakt med heimen.
4. Samtale med sfo-leiar/ inspektør/rektor
5. Møte mellom skule, elev og foreldre/foresatte
6. Gjensitting og utføring av pålagte oppgåver.
7. Avgrensing av eleven sin rørslefridom i friminutt og på skuleveg.
8. Bortvising: Rektor kan vise ut ein elev i særlege tilhøve for enkelttimar eller resten av dagen jmf. Opplæringslova §2.10 (*Regel om bortvising gjeld kun i skuletid.*)
9. Midlertidig eller permanent klassebytte
10. Skulebytte: I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd jmf. Opplæringslova §8-1
11. Den som skadar skulen eller andre personar sin eigedom, med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må vera med på å betala det som det kostar å utbetra skaden. jmf. Skadeerstatningsloven §1.1 og 1.2.  
Ein kan og bli pålagt å vere med å reparere skaden.
12. Nødrett og nødverge: Bestemmelser om nødrett og nødverge i straffeloven (§ 47 og § 48 til ein viss grad) gir personale på skulen mulighet til å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skadar seg sjølv eller andre, eller skadar eigedom.

**Svarlapp Klipp her:.....**

**Vi har lese gjennom trivsel – og ordensreglement ved Grasdal skule**

.....  
**Underskrift føresette**

.....  
**Underskrift elev**

.....  
**Dato**